

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
037/22	Formannskapet	PS	23.03.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Linda Judith Svidal Nordås	20/2919

Busetting av flyktningar 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Osterøy kommune buset inntil 65 flyktningar i 2022.

Ramma for «Kjøp av eigedom/innløyising av grunn» under sektor for samfunnsutvikling i investeringsbudsjettet vert auka med 20 millionar, til totalt 23.000.000,- kr.

Formannskapet - 037/22

FS - behandling:

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt endringsframlegg:

"Første setning vert endra til:

Osterøy kommune ønskjer å stilla opp for å hjelpa i denne krisa som har oppstått. Kommunen rustar seg snarast for å i første omgang ta imot 65 flyktningar.

Grunngjeving:

Vi anar enno ikkje omfanget av krisa og det er fare for at ho vert meir alvorleg enn ho allereie er og at vi må stilla opp i enda større grad. Vi må førebu oss alt no på alle område før flyktningane er her og treng både bustad og anna hjelp."

Ragnar Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg:

Osterøy kommune vedtek å ta imot 100 flyktningar med statsborgarskap frå Ukraina med omgåande virkning. Osterøy kommune etablerer hustander i kommunale bygg med dertil eigna fasiliteter, for eksempel kan bruk skule ver eit av dei.

Roald Åge Kleppe, SV, gjorde slikt framlegg:

Osterøy kommune tek imot 100 flyktningar.

AVRØYSTING:

Ragnar Tyssebotn, FRP, sitt framlegg: 1 røyst (FRP)

Roald Åge Kleppe, FRP, sitt framlegg: 1 røyst (SV)

Rådmannen sin innstilling: samrøystes vedteke

Hjalti H. Gislason, H, sitt framlegg: samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Osterøy kommune ønskjer å stilla opp for å hjelpa i denne krisa som har oppstått. Kommunen rustar seg snarast for å i første omgang ta imot 65 flyktningar.

Grunngjeving:

Vi anar enno ikkje omfanget av krisa og det er fare for at ho vert meir alvorleg enn ho allereie er og at vi må stilla opp i enda større grad. Vi må førebu oss alt no på alle område før flyktingane er her og treng både bustad og anna hjelp.

Ramma for «Kjøp av eigedom/innløysing av grunn» under sektor for samfunnsutvikling i investeringsbudsjettet vert auka med 20 millionar, til totalt 23.000.000,- kr.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

IMDI sendte for nokre veker sidan ut ein QuestBack for å kartlegge kapasiteten til ytterlegare busetnad i kommunane. Osterøy kommune meldte då inn at vi kunne busette 24 personar. Denne saken er ein oppfølging av det vedtaket, då det fredag 18. mars kom ny anmodning med svarfrist 31. mars.

Rådmann gjev merksam på at knapt med tid og eit regelverk som endrar seg fortløpande gjer det utfordrande å skrive eit fullstendig utgreidd saksframlegg.

Bakgrunn

Krigen i Ukraina har medført ein ny situasjon sidan førre vedtak om busetnad av flyktingar vart gjort på Heradsstyremøtet i februar. Det totale tal plassar som IMDI har bede kommunane stille til rådvelde i 2022, er auka frå 5500 til 35 000.

Vurdering

Osterøy kommune har busett flyktingar sidan 2014, og vi har fagkompetanse og organisering for å auke tal busettingsplassar raskt. Å auke frå 12 til 65 er vi likevel ikkje rusta for utan harde prioriteringar og eit målretta arbeid som involverer heile kommunen. Grunnlaget for å få det til, er å ha tilgang på bustader.

Bustad

Bustad er meir enn tak over hovudet. Sjølv om mange innbyggjarar har teke kontakt og tilbydd husvære til Ukrainere, så er det fleire faktorar som må vere på plass for at ein bustad skal vere eigna. Ein eigna bustad ligg geografisk til slik at ein kan få eit nytt og ukjent kvardagsliv til å gå opp. Det handlar om at barn skal til og frå barnehage og skule, og at foreldrene likevel skal kunne ta ordinære skulebussar til OIL kvar morgon. Det handlar om at barna på ettermiddagstid skal kunne delta på fritidsaktivitetar utan at foreldrene har bil. Det handlar om at dei i helgene skal kunne besøke vener og familie både på og utanfor Osterøy, og at internettforbindingen er god nok til å kunne vere i kontakt med dei som er att i Ukraina og landa rundt. Å dekke desse behova, er det viktigaste vi gjer for å forebygge psykisk uhelse og eit stort press på tenesteapparatet vårt.

65 personar medfører at vi må ha tilgang på mellom 15 og 20 bueiningar (vi ventar familiar på mellom 2 og 5 personar). Vi vil vere avhengig av private utleigarar for å komme i mål, men det er høgt uvisst om vi vil få tilgang på nok bueiningar som tilfredsstillar behova. Kjøp av bustader kan difor bli aktuelt.

Tenesteyting

Følgjande tenesteområder må styrkast for å handtere så stor auke i busetnad:

- Osterøy integrerings- og læringssenter
- NAV Osterøy
- Skular og barnehager

- Eining for Rus og psykisk helse

Disse fire einingane vil i stor grad kunne handtere auka arbeidsmengde ved å auke bemanninga. Unntak er barnehagane, der ein òg har bruk for fleire plassar. Det er per dags dato uvisst korleis dette skal løysast.

Det er uvisst kva auka påverknad den store auken i busetnads plassar vil gje til fastlegeordninga, andre kommunale helsetenester og Familiens Hus.

Folkehelse

Viser til drøftingar kring bustad.

Miljø

Ikkje vurdert.

Økonomi

Det økonomiske perspektivet er for Osterøy kommune noko uklart. Ein auke i busettingstal på over 50 personar, vil medføre ekstra utgifter i bemanning på fleire tenesteområde (skule, barnehage, fysisk helse, psykisk helse, støtte til familiar). Dei må òg ha eigna bustader. Det følgjer med eit tilskot per person busett uavhengig av tidspunkt på året denne blir busett. I 2022 er dette talet 189 400 per person i ein familie. Om dette dekker utgiftene i 2022, er høgst uvisst. Over ein 5 årsperiode, dersom dei vi busett blir verande, er det venta at inntektene dekke utgiftene.

I første omgang er det husvære som er det mest prekære, kor kommunen pr. no ikkje er førebudd for så mange flyktningar. På kort sikt meiner rådmannen at dei andre oppgåvene vil la seg gjennomføre innanfor drifta ein har og dei tilskota ein får.

Ein forsøker i første omgang å få dekkja dei behova for husvære som ein treng gjennom leige av bustader. Dersom ein ikkje får dekkja behovet gjennom leigekontrakter, må kommunen eventuelt kjøpe. Dette må i så tilfelle leggjast inn som ein del av ramma for investeringsbudsjettet. Rådmannen tilrår ein auke i ramma på 20 millioner i denne omgang. Skulle behovet skulle verte endå større, vil det verte lagt fram ei ny politisk sak.

På lang sikt er ikkje eit auke av kommunale bustader eit mål eller ønskje for kommunen. Dersom kommunen no skulle kjøpe nokre bustader vil ein på sikt, når situasjonen er annleis, difor selje unna kommunale bustader.

Konklusjon

Tal flyktningar ein ventar å skulle busette, har aldri vore så høgt. Det vil bli krevjande på mange områder å få dette til. Samtidig er det stor ynskje og vilje blant Osterøy kommune sine innbyggjarar til å ta i mot og ta i vare. Rådmannen vurderer difor at vi må strekke oss langt for ta vår del av ansvaret.

Talet busette kan bli under 65. Skulle det bli høgare enn 65, må det gjennomførast ny politisk handsaming.

Saka vert lagt fram for formannskapet for handsaming og avgjerd etter delegert mynde frå heradsstyret jf. HS vedtak 025/22.